

# Potensiell vindkraftutbygging i Vaksdalsfjella, Hordaland

Bevaring av Vaksdalsvassdraget (BaV) ønskjer med dette å levera innspel i samband med at Stortinget har initierte ei kartlegging av dei mest eigna områda for potensiell utbygging av vindkraft på land i Noreg (nasjonal ramme for vindkraft i Noreg). BaV ber også om å bli oppført på lista over interessentar i den vidare prosessen.

Eit av områda som er under kartlegging er Vaksdalsfjella, som ligg mellom Vaksdal, Voss og Samnanger i Hordaland.

Vaksdalsfjella er særst viktig for rekreasjon og friluftsliv, ikkje berre for lokalfolket, men også for regionen Hordaland, og området har kulturhistorisk verdi. Det har gjennom tidene vore gjennomført fleire omfattande vasskraftutbyggingar i Vaksdal kommune. Området er under press frå ulike typar kraftprodusentar, og fleire offentlege innstansar har tidlegare har sagt nei til utvida kraftutbygging i Vaksdalsfjella av omsyn til områdets naturmessige kvalitetar. Bevaring av Vaksdalsvassdraget er difor uroa over at det potensielt kan bli bygd vindmøller i Vaksdalsfjella.

## Om Vaksdalsfjella

Vaksdalsfjella må reknast som det viktigaste friluftsliv- og rekreasjonsområdet for bygda Vaksdal. Området er mykje nytta av både fastbuande og tilreisande, både til dagsturar, mosjon, trening og lengre overnattingsturar. Bergen og Hordaland Turlag har uttala at Vaksdalsfjella er eit satsingsområde for dei, og eit viktig utfartsområde for turentusiastar busett i bergensregionen. Eventuelle inngrep får difor konsekvensar for langt fleire enn lokalfolket.

Bevaring av Vaksdalsvassdraget vart etablert i 2002 for å arbeida mot utvida vasskraftutbygging i Vaksdalsvassdraget. Ei potensiell vindkraftutbygging råkar eit svært vakkert høgfjellsområde, som er mykje nytta til treningsturar, dagsturar og fiskeing. I Vaksdal satsar både Bergen og Hordaland Turlag, Vaksdal Vel og Vaksdal Idrettslag på auka bruk av fjellheimen. Turlaget har invstert i nye hytter, vellaget har tatt initiativ til organiserte fjellturar og idrettslaget etablerte i 2015 ei eiga turgruppe. Etableringa av turgruppa var eit resultat av auka interesse for å ta nærområdet meir i bruk, og var følgd opp at skipinga av Vaksdal Turlag i 2017, som er eit lokallag under DNT.

Vaksdalsvassdraget vart utbygd då Vaksdal Mølle vart grunnlagt i 1866. Likevel framstår området i dag på mange måtar som urørt. Demningane vart den gong bygde i naturstein for hand og tetta med torv. Dei gamle handbygde stemmegardane er framleis i bruk, og må sjåast på som kulturminne.

Fossen som renn frå Fossevatn til Dauen er eit viktig og vakkert natursymbol og landemerke. Det går ein sti opp langs fossen, der det er fleire utkiktpunkt som gjevt fantastisk utsyn over Dauen og Lonastølen. Utsikta frå toppen av fossen er spektakulær, med utstyn over elva som slynger seg i slakke svingar.

Lonastølen er det mest familievennlege turområdet nær Vaksdal, og mykje nytta til dags- og overnattingssturar av einskildpersonar på fisketur, turgåarar, skulen, barnefamiljar og lag/organisasjonar.

Gjennom frivillig arbeid er det lagt til rette for at både barnefamiljar og andre kan oppleva Vaksdalsfjella, og Vaksdal Fiskarlag har i ei årrekke sett ut yngel i dei talrike fiskevatna. Fisket er tilgjengeleg for ålemnta, og det vert ikkje krevd fiskekort. Det er heller ikkje parkeringsavgift knytt til tilførselsveggen gjennom Herfindalen.

Området har eit rikt fugleliv. Det har vore gjort hyppige observasjonar av kongeørner og havørner, og mest truleg hekkar også kongeørn her. Smålom er sidan 1999 årleg observert jaktande på Fossevatn, Flatavatn og Svartavatn. Lomen hekkar ved Krosstjørnen. Storskarv hekka frå 1993 og omlag i fem år på Krosstjørnene, meir sjeldne observasjonar dei siste åra. Fjellvåk hekkar regelmessig i området. Det er gjort fleire observasjonar av hønehaug i området Fossevatn-Svartavatn. Gauk er sett og høyrd over heile området, det er ved to tilfelle sett snøugle og det er forekomst av orrfugl, samt bestand av fossekall i Herfindalen. Våren 2014 blei det observert hubro.

Det er viktig å ta vare på og verna om dei naturkvalitetane som er att i Vaksdal. Eventuelle inngrep i naturen er ikkje-reverserbare, og forringar området verdi som rekreasjons- og turområde. Vaksdal er ei bygd i vekst, der nærleiken til naturen er viktig for mange nyetablerarar. Vaksdal er også ein bynær kommune med eit attraktivt turområde, og auka satsing frå Bergen og Hordaland Turlag gjev også potensielt stor marknadsføringsverdi som både friluftsliv- og bukommune.

Vindkraft medførerer både visuelle inngrep og auka støy i naturen. Stillheit er på mange måtar i ferd med å bli ein knappheitsgode. Miljøstatus i Norge, som er ein nettstad om miljø og klima, utvikla av miljøvernforvaltninga, med Miljødirektoratet som ansvarleg redaktør, skriv om støy:

*«Høvet til å oppleve stillheita i naturen er viktig for mange, både der dei bur, og der dei ferdast i kvardagen og på fritida. Nærmiljøet og friluftsområda blir brukte til å kople av frå ein kvardag med mykje støy. Dei gir oss rekreasjon og avkopling, og vi stressar ned. Studiar viser at natur og naturlege sanseintrykk påverkar helsa positivt og gir energi, i motsetning til menneskeskapte sanseintrykk, som krev energi og gjer oss mentalt trøytte. Fleire forskingsarbeid viser òg at høvet til å oppleve stillheit og ro og til å sleppe unna stress og mas er svært viktig for helsa og trivselen til mange. Å oppleve stillheit og ro er blant dei viktigaste årsakene til at folk går på tur og driv med andre former for friluftsliv. For turistar som kjem til Noreg, er stillheita ein viktig kvalitet, og ho er dermed ein ressurs for*

*turistnæringa òg. Vi må derfor verne om og forvalte henne (Stillheit i naturen, publisert av Miljødirektoratet 15.05.2017, henta frå: <http://www.miljostatus.no/tema/friluftsliv/stillheit-i-naturen>).*

I samband med søknad om vasskraftutbygging i Bogevasstraget har Fylkesmannen i Hordaland uttalt at «Utbyggingsområdet ligg over tregrensa i ein sårbar og verdifull høgfjellsnatur. Utbygginga vil påverke landskaps- og opplevingsverdiar negativt». NVE har også tidlegare avslått Norsk Grønn Kraft Utbygging AS søknad om å bygge Herfindalen kraftverk, og uttalte i samband med avslaget: «Herfindalen er eit naturskjønt område med store landskaps-, friluftsliv- og kulturverdiar».

**Oppsummering:**

Bevaring av Vaksdalsvassdraget er uroa over at det potensielt kan bli bygd vindmøller i Vaksdalsfjella, og at verdien på området blir forringa. Me ber om at det blir teke omsyn til at området er særskild viktig for rekreasjon og friluftsliv, ikkje berre for lokalfolket, men også for regionen Hordaland, og at fleire offentlege innstansar tidlegare har sagt nei til utvida kraftutbygging av omsyn til området naturmessige kvalitetar.

*Mvh. for Bevaring av Vaksdalsvassdraget,  
kontaktperson Linda Lien*